



Kløvheim barnehage AS
Mykingvegen 642
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1867 - 14/22024

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2014

Kommunalt tilskot for 2014 - Nytt vedtak

Vi viser til klage datert 17.2.2014 og vedtak frå Fylkesmannen i Hordaland datert 2.7.2014. Fylkesmannen oppheva tidligare vedtak datert 27.1.2014 og sendte saka tilbake til kommunen for ny behandling.

I tidlegare vedtak hadde kommunen redusert barnetallet med 2,16 store barn og kutta tilskotet tilsvarande. I nytt vedtak får Kløvheim barnehage AS tilskot for det tal barn som er rapportert i årsmeldinga pr 15.12.2013.

Nytt tilskot for 2014 er rekna ut til 3 167 572 kr.

For perioden januar – september har de fått utbetalt 2 225 317 kr. Ved å avrekne dette mot tilskotet for heile året, blir det att 942 255 kr for perioden oktober – desember. For perioden oktober – desember vil de få utbetalt 314 085 kr pr månad.

Endeleg avrekning av tilskotet for 2014 vil bli gjort når kommunen sin årsrekneskap for 2014 ligg føre. Avrekninga vil bli korrigert i tilskotsutbetalinga for juli 2015.

Vi gjer merksam på at barnehageeigarar som gjennom året tek imot høgare tilskot enn det er tilskotsgrunnlag for, anten må betale tilbake eit tilsvarande beløp, eller får trekt frå beløpet ved utbetaling av tilskot ved eit seinare høve, eventuelt i samband med utbetalinga for året som kjem.

Vi gjer også merksam på at Lindås kommune kan omgjere vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. forvaltningslova § 35, femte leddet.

Barnehageeigaren kan klage til fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova § 28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jf. forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Vi tek atterhald om at fylkesmannen og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733
56 37 50 00



Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kløvheim barnehage AS

Mykingvegen 642 5913

EIKANGERVÅG